

Fantastisk prestasjon i Ulriken Opp!

27.05.2018



Mot mål til klassesiger etter sterkt løp.

Uskedalen.no sender gratulasjonar til motbakketalentet Kristian Øvstebø etter at han gjorde ein svært sterk prestasjon i motbakkeløpet Ulriken Opp i solsteiken laurdag. Kristian gjekk heilt til topps i klassen sin M14/15 år med tida 31.01. Tida var så sterk at den heldt til 46. plass blant samlege som sprang i konkurransklassen.



Energiinntak før start er viktig før ein slik kraftanstrengelse.

Løpet er 3,6 km langt og løypa har heile 605 høgdemeter til Ulrikens topp. Far til Kristian, Jan Øvstebø, fortel om eit svært tøft løp der det mest var rett opp på slutten. Berre å gjennomføra i den varmen som var i går med ca 24 varmegrader, var ein stor prestasjon av løparane.

Før løpet gjekk Kristian løypa til topps saman med broren Andre, faren Jan og søskenbarnet til Jan, Kari Kvandal og familie. Det var viktig å ha gått gjennom løypa på førehand, men berre det var jo ei solid oppvarming. Etter

det tok Kari Kvandal banen ned til start saman med Kristian.

I løpet tok Kristian ut alt, og det var eit svært slite løpartalent som vart motteken av Andre, Jan og andre familiemedlemmer ved mål. Han tok ut alt og vart altså belønna med ein klar førsteplass i sin aldersklasse på ei tid som var så god at han også fekk ei svært sterk plassering totalt.

Jan Øvstebø fortel frå Bergen at løpet også var ei svært god erfaring for Kristian, og han rosar Kari Kvandal og familien hennar i samband med deltakinga. 'Dei har vore til uvurderlig hjelp, og det var svært viktig å ha eit godt støtteapparat,' seier Jan om det.



Synfaring av løpetraséen før start.

Stian Øvergaard Aarvik hadde best tid av samtlege i dette tradisjonsrike løpet som vert arrangert av SK Baune og BFG Bergen Løpeklubb.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Jonny Micalsen/Jan Øvstebø